



Øygarden kommune,  
Ternholmvegen 2,  
5337 RONG

Vår dato:

21.04.2021

Vår ref:

2021/2856

Dykkar dato:

14.02.2021

Dykkar ref:

20/10007

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Øygarden kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Øygarden kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 182/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Den nye kommunen hadde netto driftsunderskot i 2020. Det er likevel ei god økonomisk utvikling frå dei tidlegare kommunane i 2019 til den nye kommunen i 2020. Det er viktig å arbeide vidare med sikte på at denne utviklinga held fram og at kommunen når dei økonomiske målsetjingane som er vedtekne.

Det er viktig at kommunen gjennomfører tiltak for å oppnå årlege netto driftsoverskot på minst 1,75 prosent av driftsinntektene i heile økonomiplanperioden. Kommunen må reelt få tilstrekkeleg store netto driftsoverskot for å kunne opparbeide eit større disposisjonsfond.

Kommunen sitt gjeldsnivå er for høgt. Det er viktig at kommunen reduserer investeringar og lånepoptak i åra framover, slik økonomiplanen legg opp til.

Det er realistisk å nå dei økonomiske måltala som er vedtekne innan nokre år. Det er viktig at kommunen når desse målsetjingane slik at kommunen får ein sunn økonomi med økonomisk handlefridom. Disposisjonsfondet bør bli styrkt i enda større grad enn det kommunen har vedteke som målsetjing.



## Budsjett 2021

I førebels rekneskap for 2020 er det eit netto driftsunderskot på kr 14,5 mill. Netto driftsunderskot blir dekt med bruk av disposisjonsfond.

Netto driftsresultat i budsjettet for 2021 er lik null.

Kommunen har budsjettet med kr 1156,1 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 2,2 mrd.

Inntektsprognosene for 2021 er no oppdatert med innkommen skatt i 2020. I denne prognosene er det innarbeidd ekstra midlar for koronapandemien. Dei budsjetterte frie inntektene er, med tillegg av kompensasjonen for korona, om lag på same nivå som i den siste inntektsprognosene.

Det er budsjettet med kr 157,5 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkommen eigedomsskatt i 2020 var om lag kr 159,2 mill. Innkommen eigedomsskatt for dei tre tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden var i 2019 til saman kr 170,9 mill. Reduksjonen i eigedomsskatt samanlikna med 2019 skuldast i hovudsak at tidlegare Sund kommune hadde eigedomsskatt for bustader og fritidseigedomar, som ikkje er vidareført i ny kommune.

Det er vedteke eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova. Den årlege nedtrappinga av dette berekningsgrunnlaget bidreg også noko til reduksjon i eigedomsskatteinntektene.

Det er budsjettet med utbytte på kr 9,1 mill. for 2021. I 2020 var det samla utbyttet frå BKK og BIR (eigardel i BKK 2,02 prosent) kr 22,2 mill. Reduksjonen i pårekna utbytte i 2021 skuldast lågare straumprisar i 2020.

Det er budsjettet med kr 14,5 mill. i utbetaling frå havbruksfondet. Utbetalinga i 2020 var kr 32,4 mill.

Det er budsjettet med kr 90,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Kommunen legg opp til å betale lånegjelda med minimumsavdrag, basert på § 14-18 i kommune-lova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 200,2 mill. Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 140,8 mill. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon og investeringstilskot m.m. Bruk av lån består av låneopptak, kr 120 mill., og bruk av unytta lånemidlar frå tidlegare år.

Det er budsjettet med opptak av startlån til vidare utlån, kr 85,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er om lag kr 3810 mill. Dette utgjer om lag 127,8 prosent av sum driftsinntekter. Lånegjelda var til same tid om lag kr 98.550,- per innbyggjar.

Gjeldsnivået må bli vurdert i samanheng med at store delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Ein stor del av gjelda er i sektor for vatn, avlaup og renovasjon som er organisert i selskapet ØyVAR AS. Kommunen si lånegjeld kjem til å bli nedbetalt ekstraordinært med kr 244 mill. i samband med at VAR-sektoren i tidlegare Øygarden



kommune går inn i selskapet. Korrigert for denne ekstraordinære gjeldsnedbetalinga, vil låne-gjelda utgjere om lag 120 prosent av sum driftsinntekter.

## Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er lagt opp til å auke netto driftsoverskot i økonomiplanperioden frå null i 2021 til kr 50,0 mill. i 2022. Kr 50 mill. i 2022 utgjer 1,75 prosent av driftsinntektene. Det er lagt opp til noko lågare netto driftsoverskot enn i 2022 i dei neste åra i økonomiplanperioden. Det er for kvart år i økonomiplanperioden lagt opp til å nytte årlege netto driftsoverskot til avsetjing disposisjonsfond.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 80,7 mill. ved utgangen av 2020. Det utgjer 2,7 prosent av driftsinntektene i 2020.

Det er planlagt reduksjon i årlege investeringar i økonomiplanperioden. Planlagde låneopptak i planperioden er difor også redusert gjennom planperioden. I åra 2023 og 2024 er planlagde låneopptak vesentleg lågare enn dei årlege avdraga, som er kr 90 mill. kvart år i planperioden.

Det er på denne bakgrunn rekna med at brutto lånegjeld kjem til å bli noko redusert i åra framover.

## Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat 1,75 prosent av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 prosent av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstige 100 prosent av brutto driftsinntekter

Kommunen tek sikte på å nå desse målsetjingane seinast innan 31.12.2023.

## Statsforvaltaren sine vurderingar

Det er netto driftsunderskot med kr 14,5 mill. i førebels rekneskap for 2020. Resultatet er vesentleg betre enn det samla resultatet i dei tre tidlegare kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 2019. Sjølv om det er netto driftsunderskot i 2020 for den nye kommunen, er det likevel ei klar forbetring og god utvikling frå 2019 til 2020. Det er viktig å arbeide vidare med sikte på at denne utviklinga held fram og at kommunen når dei økonomiske målsetjingane som er vedtekne.

I budsjettet for i år er netto driftsresultat lik null. I økonomiplanperioden er det berre for 2022 at det er lagt opp til eit netto driftsoverskot som oppfyller målsetjinga på 1,75 prosent av driftsinntektene.



Det er viktig at kommunen gjennomfører tiltak for å oppnå årlege netto driftsoverskot på minst 1,75 prosent av driftsinntektene i heile økonomiplanperioden. Det er nødvendig for blant anna å kunne opparbeide eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond som driftsreserve.

Disposisjonsfondet bør bli opparbeidd til minst 5 prosent av brutto driftsinntekter, slik kommunen har som målsetjing. Det utgjer om lag kr 150 mill. På noko lengre sikt bør fondet bli opparbeidd til om lag det dobbelte av dette, det vil seie kr 300 mill. eller 10 prosent av driftsinntektene.

Kommunen sitt gjeldsnivå er for høgt. Det er viktig at kommunen reduserer investeringar og låneopptak i åra framover, slik økonomiplanen legg opp til. Dette vil bidra til å dempe nivået på lånegjelda.

Det er realistisk å nå dei økonomiske måltala som er vedtekne innan nokre år. Det er viktig at kommunen når desse målsetjingane slik at kommunen får ein sunn økonomi med økonomisk handlefridom.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Brevet er godkjent elektronisk*

Gjenpart :

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen